

Lovande trommissar!

01.08.2014



Trommegruppa i full sving! Frå venstre: June, Kine, Kristoffer, Gustav, Nikolai og Karsten. (Foto: Stig Framnes.)

**Tromming er også ein aktivitet under FestidaGen. 6 deltakarar lærer kunsten av dei to lokale talenta Sindre Aksnes og Njål Thunold Hatteberg. Denne gruppa skal ha opningsnummeret på FestidaGenshowet lørdag kl. 12.**

**Festidagbladet: redaksjonen.**



På denne gruppa lærer dei å spela på forskjellige typar trommer, og dei lærer å spela saman. Vi har intervjuet ein av dei som ser ut til å stortrivast med tromminga.

- Kan du fortelja litt om deg sjølv?
- Ja, eg heiter Nikolai S. Vågen. Eg er 9 år, og eg bur på Skorpo.
- Spelar du andre instrument?
- Eg lærer å spela fiolin i kulturskulen, men eg går på øving her i Uskedalen.
- Korleis blir det med øving heime?
- Eg har eige trommesett. Eg øver i ein silo som vi ikkje brukar, og så brukar eg hørselsvern. Det er ein som heiter Karl Heinz som lærer meg å spela. Han er frå Tyskland, men bur på Skorpo og er nesten like flink som Sindre.
- Kva syns du om FestidaGen?
- Det er gøy! Eg har vore med på hiphop og. Det var kjekt.
- Kva med musikk i framtida?
- Eg vil i alle fall begynna i skulemusikken om eit par år.

Nikolai frå Skorpo.

I tillegg til Nikolai var Kristoffer Ekeland, June S. Hammer, Kine G. Andersson, Karsten Bjørnebøle og Gustav Haugse med på denne gruppa.



Dei lokale talenta Sindre(nærast) og Njål er dyktige instruktørar.